

Rådmannen: Bringedalsbygda til Uskedalen

21.10.2009



**Innstillinga om skulestrukturen er klar og rådmannen rår politikarane til å leggja ned Skarveland, Sunde og Bringedalsbygda skule. Den siste bør overførast til Uskedalen, meiner rådmannen. Skarvelandelevane vil han flytta til Valen og Sunde-elevane til Underheim.**

Rådmannen meiner at ein slik reduksjon vil effektivisere drifta og gje ein monaleg reduksjon i driftskostnadene. Han har også lagt vekt på kostnaden ved naudsynt opprusting av dei mange skulebygga samt nedgang i talet på born i enkelte bygder.

Formannskapet får saka til handsaming 5. november og kommunestyret 19. november.

Dei siste prognosane i Kvinnheringen går ut på at det ikkje vil bli lagt ned skular.

Biletet over viser Bringedalsbygda skule.  
(Foto: Kvinnheringen)